



LÆRARRETTEIING TIL VEKE 6

FOR UNDERVISARAR

Veke 6



INNHALD

■	FORORD	3
■	KVA ER VEKE 6?	4
■	ÅRLEG KAMPANJE I VEKE 6	5
■	UNDERVISNINGSMATERIELL	6
	– GRUNNMATERIELL	
	– TEMAMATERIELL	
■	ELEVNETTSIDA WWW.SEXFORDEG.NO	7
	– BLI KJEND MED NETTSIDA	
	– SEXIKON	
	– UTFORDRINGA	
	– DEBATTEN	
■	PEDAGOGISKE OG DIDAKTISKE VURDERINGAR	8

Veke 6 © Sex og Politikk, 2018

ISBN: 978-82-93214-76-2

Kopiering er tillate til bruk i undervisning mot at ein gir opp kjelde.

Innhald og redaksjon: Sex og Samfund, Danmark og Sex og Politikk, Noreg

Layout: Boje & Mobeck

Illustrasjonar fra www.sexfordeg.no: Vertic Portals

RETTLEIING TIL VEKE 6

FORORD

Veke 6 er ein kampanje som har som mål å styrkje undervisninga om seksualitet for barn og unge i Noreg. Kampanjen leverer gratis undervisningsmateriell som skulen kan nytte i arbeidet med kompetansemåla i læreplanar, for trivsel og mot mobbing. Materiellet kan også nyttast av helserådgivarar eller andre som underviser eller samtalar med barn og unge om seksualitet.

I denne rettleiinga blir de kjende med Veke 6, kva kampanjen består av, og nokre pedagogiske og didaktiske vurderingar som materiellet er basert på. De kan også lese meir om den årlege kampanjeveka og elevnettsida for 7.–10. trinnet, www.sexfordeg.no.



KVA ER VEKE 6?

Veke 6 skal støtte undervisarane i å ta viktige samtalar med elevane om kjensler, mangfald, kropp, grensesetjing, vennskap og trivsel. Det overordna målet med undervisninga er å fremje helse og trivsel og å førebyggje mobbing, diskriminering og krenkingar. Vi håper at Veke 6 inspirerer til god seksualitetsundervisning og tverrfagleg samarbeid om relevante kompetansemål i læreplanane.

Veke 6 er tenkt som eit nyttig supplement til læremidla som skulen og skulehelsetenesta sjølve har til undervisning om seksualitet. Kampanjen består av gratis og aldersdifferensiert undervisningsmaterieil for 1.–10. trinn, ei elevnettside for 7.–10. trinn og ei årleg kampanjeveke i veke 6. Det digitale undervisningsmaterialet blir sendt ut til alle påmelde på e-post i forkant av kampanjeveka i februar.

Sex og Politikk, foreningen for seksuell og reprodktiv helse og rettigheter, står bak kampanjen i Noreg, som byggjer på ein tilsvarande kampanje i Danmark. Sidan kampanjen starta opp i 2011, har han fått tilskot frå Helsedirektoratet, Utdanningsdirektoratet, Justisdepartementet og Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet.

Seksualitet er eit obligatorisk emne i grunnskulen og er direkte omtalt i kompetansemåla for naturfag, samfunnsfag, kristendom, religion, livssyn og etikk (KRLE). Det er også eit svært relevant tema i faga norsk, engelsk og kroppsøving. I tillegg gir den generelle delen av læreplanen og prinsippa for opplæringa fleire invitasjonar til å undervise om seksualitet.

Undervisninga i seksualitet gir gode høve til å rette merksemda mot korleis vi utviklar den individuelle trivselen til elevane og den samla trivselen til klassen. Arbeid med relevante kompetansemål knytte til seksualitet kan derfor fint kombinerast med arbeidet skulen gjer for å skape eit godt læringsmiljø og for å førebyggje mobbing.

Sjå dei aktuelle kompetansemåla for undervisning om seksualitet i grunnskulen [her](#).

VEKE 6 BESTÅR AV:

- gratis undervisningsmaterieil for 1.–10. trinn
- ei årleg kampanjeveke i veke 6 i februar
- elevnettsida www.sexfordeg.no for 7.-10. trinn

OM SEX OG POLITIKK

Sex og Politikk, foreningen for seksuell og reprodktiv helse og rettigheter, blei grunnlagd i 1969 under namnet Norsk forening for familieplanlegging. Sex og Politikk arbeider for seksuell og reprodktiv helse og rettar (SRHR), både nasjonalt og internasjonalt.

Utgangspunktet for arbeidet vårt er at seksuell helse og seksuelle rettar er grunnleggjande for det fysiske, psykiske og sosiale velværet for alle menneske, og at alle har rett til verdigheit, autonomi, kroppsleg integritet, tilgang til helsetenester og kunnskapsbasert undervisning om seksualitet.

Sex og Politikk er den norske medlemsorganisasjonen til [IPPF](http://www.ippe.org), International Planned Parenthood Federation. Du kan lese meir om Sex og Politikk på www.sexogpolitikk.no.



ÅRLEG KAMPANJEVEKE

Namnet Veke 6 viser til ei eiga kampanjeveke i februar, i den sjettede veka i kalenderåret. Materiellet for året blir sendt ut til dei påmelde undervisarane i forkant av veke 6. Intensjonen med ei eiga kampanjeveke er å bidra til gjere det enklare å samarbeide tverrfagleg for relevante faglærarar, og å skape rom for å undervise i fellesskap med andre skular over heile landet.

EIN LEKSJON ELLER EI TEMAVEKE?

Når og korleis ein bruker Veke 6, er opp til kvar enkelt skule og undervisar.

Materiellet kan nyttast i ei eiga temaveke med fleirfaglege samarbeidsprosjekt så vel som i enkelte fag og timar. Undervisarar kan altså nytte enkelte øvingar eller bruke materiellet som ein samla pakke for éin eller fleire dagar.

Materiellet er like relevant i resten av skuleåret som i kampanjeveka i februar, og det er mogleg å melde seg på for å få materiellet heile året.


PÅMELDING

Veke 6 er gratis, og alle kan melde seg på for å få materiellet. Påmeldinga er uforpliktande og sikrar tilgang til oppdatert materiell og lenkjer og brukarnamn til filmene som følgjer med materiellet.

Det er derfor viktig å melde seg på kvart år.

ÅRLEG EVALUERING AV VEKE 6

Materiellet blir revidert og utvikla vidare kvart år på bakgrunn av tilbakemeldingane vi får frå undervisarar som bruker Veke 6. I etterkant av kampanjeveka får dei påmelde undervisarane eit evalueringsskjema, der vi blant anna spør om kor tilfredse dei er med Veke 6. Vi oppmodar alle til å svare på evalueringsskjemaet, slik at vi kan utvikle Veke 6 vidare med bakgrunn i dei reelle behova som undervisarane har.



UNDERVISNINGSMATERIELL

VEKE 6

Veke 6 er alderstilpassa og inneheld informasjon, øvingar og oppgåver som oppmodar til ei aktiv, variert og reflektert deltaking i undervisninga. Undervisningsmaterialet er lagt opp slik at du som underviser, fritt kan velje kva øvingar du vil bruke – ut frå vurderingar av behova til elevane, tida de har til rådvelde, og målet med undervisninga. Du kan jobbe med fleire øvingar innanfor det same emnet, eller kombinere fleire øvingar på tvers av emne.

KLASSETRINN

Det er viktig å ta omsyn til kva bakgrunn elevane har, når vi tek opp tema knytte til seksualitet. Sjølv om materialet er differensiert etter alderstrinn, må de sjå på det som rettleiande. Det kan vere store forskjellar mellom elevane på same klassetrinnet og forskjellar knytte til for eksempel kjønn, seksuell orientering og religiøs og kulturell bakgrunn. Det er du som underviser, som kjenner elevane dine best, og derfor må du vurdere kva delar av materialet og kva øvingar som eignar seg i undervisninga.

GRUNNMATERIELL

Materialet byggjer på tre skriftlege grunnmateriell, eitt for 1.–4. trinn, eitt for 5.–7. trinn og eitt for 8.–10. trinn. Tema i materialet er:

- Eit trygt rom i seksualitetsundervisninga
- Identitet og kjønn (frå 8. trinn og opp er «Seksualitet» inkludert)
- Kropp (frå 5. trinn og opp er «pubertet» inkludert)
- Kjensler (frå 4. trinn og opp er «Forelsking» inkludert, og frå 8. trinn og opp er «Sex» inkludert)
- Prevensjon og seksuelt overførbare infeksjonar (frå 7. trinn og opp)
- Familiar

Kvart emne består av fakta og elevøvingar, som alle skildrar mål, tid, førebuingar, tips til undervisninga, korleis ein kan gjennomføre dei, og relevansen i forhold til læreplanar. Materialet inneheld også arbeidsark til elevane og oversikt over aktuell litteratur og lenkjer.

DEN VIDAREGÅANDE SKULEN

«Mine og dine grenser» er tittelen på eit eige undervisningsmateriell retta mot vidaregåande opplæring. Materialet fokuserer på grensesetjing, seksuelle krenkingar og overgrep mellom unge. Materialet kan bestillast på www.uke6.no

TEMAMATERIELL RETTA MOT 4.–7. TRINN OG 8.–10 TRINN

«Familiar» fokuserer på mangfaldet som finst av familieformer, og på førestillingar, normer og visjonar om «den gode familien».

TEMAMATERIELL RETTA MOT 7.–8. TRINN OG 9.–10. TRINN

«Kjønn, betyr det noko?» fokuserer på kjønn og kjønnsroller knytt til trivsel, likestilling, kropp, identitet og seksualitet.

«Mine og dine grenser» fokuserer på grensesetjing, seksuelle krenkingar og overgrep mellom unge.

«Å vere seg sjølv» rettar merksemda mot retten til å vere seg sjølv utan å bli diskriminert eller mobba, og anerkjenner mangfaldet som finst når det gjeld kropp, kjønn, seksualitet, seksuell praksis, kjensler, kjærastar, venner og familie.

«Din kropp, ditt liv, ditt val» fokuserer på korleis kroppen utviklar seg, på pubertet, kropps- og kjønnsideal, sjølvråderett og grensesetjing, og på kva kroppen betyr for identiteten.

TEMAMATERIELL RETTA MOT 1.–4. TRINN, 7.–8. TRINN OG 9.–10. TRINN
«Sosiale medium» fokuserer på trivsel i sosiale medium, førebygging av krenkingar på nettet og personvern.



UKE 6
GRUNNMATERIELL
TIL UNDERVISNING OM SEKSUALITET
1.-4. TRINN
SEX:POLITIKK



UKE 6
GRUNNMATERIELL
TIL UNDERVISNING OM SEKSUALITET
5.-7. TRINN
SEX:POLITIKK



VEKE 6
GRUNNMATERIELL
TIL UNDERVISNING OM SEKSUALITET
8.-10. TRINN
SEX:POLITIKK

ELEVNETTSIDA

WWW.SEXFORDEG.NO

BLI KJEND MED ELEVNETTSIDA FOR 7.–10. TRINN

Her finn du ein kort introduksjon til dei ulike elementa på elevnett-sida og nokre forslag til korleis du kan bruke dette i undervisninga. Begynn med å gå inn på framsida www.sexfordeg.no.

Sexikon er eit leksikon for unge med vitskapleg og nøktern informasjon om tema og omgrep som handlar om seksualitet, kropp og kjensler. Forklaringane er skrivne i eit lett tilgjengeleg språk med barn og unge i alderen 12–16 år som målgruppe. I sexikonet finn du også ein oppgåveknapp. Her ligg det eit utval oppgåver som elevane kan jobbe med i mindre grupper.

- ★ Gå inn på Sexikon: Orienter deg i Sexikon ved å klikke deg inn på dei ulike bokstavane, til dømes P for prevensjon.

Prosjekt inneheld opplegg til små prosjekt elevane kan jobbe med i grupper. Prosjekta tek utgangspunkt i eit konkret emne og er bygde opp i fasar der elevane jobbar med å bli kjende med emnet, undersøker, finn ut kva dei kan gjere, og presenterer prosjektet. Prosjekta er kopla opp til andre element på nettsida.

- ★ Gå inn på Prosjekt: Sjå på dei ulike prosjektførløpa som elevane kan arbeide med i grupper.

Framhald på neste side ...

TIPS TIL UNDERVISAREN

Vi tilrår at den som underviser, gjer seg kjend med nettsida før ho blir introdusert for klassen. Før elevane begynner å arbeide med nettsida i grupper, kan det vere ein god idé å gå gjennom øvingane for å sikre at alle forstår dei. Som felles øving kan klassen for eksempel foreslå eitt eller to ord som de slår opp saman i Sexikon.

For 7.–8. trinn foreslår vi at elevane får konkrete øvingar dei skal løyse i grupper. Utan konkrete øvingar kan det vere vanskeleg for enkelte elevar å få oversikt og oppnå den ønskede læringa ved å bruke nettsida.

Elevane i 9.–10. trinn kan gjerne orientere seg på nettsida heimanfrå, slik at dei slepp å bruke tid på det i klassen.

Det er viktig å gjere elevane merksame på at spørsmål og øvingar ikkje handlar om dei personlege erfaringane eller preferansane til elevane eller undervisaren. Øvingane handlar om eksempel og dilemma som elevane skal oppleve som relevante, utan at dei skal utlevere seg eller dele egne erfaringar.

Det er opp til kvar enkelt undervisar å vurdere kva element på nettsida som passar best til elevane sine og til målet med undervisninga.



ELEVNETTSIDA

WWW.SEXFORDEG.NO

... framhald frå førre sida

Guidane tek opp ulike emne og omgrep om blant anna kropp, puberteten, prevensjon, grenser og kjønn. Ein eigen rådgivingsguide gir oversikt over informasjons- og hjelpetenester for unge. Vi oppmodar dykk til å gjere denne guiden kjend for elevane.

- ★ Gå inn på Guidar: Lag ei kort oversikt over det guidane tek opp.

Utfordringa er eit interaktivt undervisningsmaterieil. Elevane jobbar gruppevis med ein karakter som dei følgjer gjennom ei rekkje utfordringar om kropp, seksualitet, kjensler, foreldre, vennskap, grenser osv. Gruppene skal i fellesskap velje korleis karakteren skal handle i møte med dei utfordringane han eller ho blir stilt overfor. Avslutningsvis jobbar gruppene med å førebu ein munnleg presentasjon som skal haldast for resten av klassen. Utfordringa består av mange dilemmaoppgåver som varierer i kvar spelrunde. Spelet kan derfor spelast mange gonger.

- ★ Gå inn på Utfordringa: Bruk det tilsendte brukarnamnet for å få passord til dei ulike karakterane og dilemmaa i spelet.

Filmsida inneheld korte filmar til bruk i undervisninga. Filmene er knytte til spesifikke øvingar i Veke 6-materiellet.

- ★ Gå inn på Film: Sjå kva filmar som finst til ulike tema, og eventuelt kva filmar som passar til klassetrinnet ditt.

Quizen utfordrar elevane på kunnskap om ulike tema relaterte til seksualitet. Kvar quiz inneheld om lag ti spørsmål. Kvar gong elevane har svart på eit spørsmål, får dei melding om at dei har svart rett eller feil. Elevane får deretter opp ein kort tekst som utdjuar det rette svaret.

- ★ Gå inn på Quiz: Få ei oversikt over kva quizar som passar trinna du underviser, og målet med undervisninga.

Debatten er elevane sitt eige ung-til-ung-forum. Her kan dei lese innlegg frå andre barn og unge, og sjølv innleie debattar og kommentere innlegga til andre. Debatten fungerer som dei fleste andre debattforum på nettet, bortsett frå at Sex og Politikk her godkjenner alle innlegga før dei blir publiserte. Kriteria for å få innlegga godkjende, kjem opp når ein klikkar seg inn på Debatten.

- ★ Gå inn på Debatt: Orienter deg på debattsida ved å finne tre typar spørsmål eller kommentarar du meiner det er flest av. Trur du dei speglar tankane og problema til ungdommane generelt? Kvifor – eller kvifor ikkje?



SEXIKON

GRUPPEARBEID

MÅL

- Elevane får auka kunnskap om seksualitet og utviklar evna til å gjere gode og informerte val.
- Elevane lærer ord og omgrep om seksualitet.
- Elevane får eit reflektert forhold til informasjon om seksualitet.

MÅLGRUPPE

7.–10. trinn

FAGLEG RELEVANS

Naturfag, KRLE, norsk, samfunnsfag

FORKLARING

Orda i sexikonet er delte inn i ni overordna kategoriar: kjensler, kropp, prevensjon, seksuelt overførbare infeksjonar, seksualitet, sex, overgrep, reproduksjon og abort. Kategoriane kan brukast som utgangspunkt for emna som elevane skal tileigne seg kunnskap om. Dersom elevane for eksempel skal tileigne seg meir kunnskap om prevensjonsformer, blir øvingane formulerte innanfor denne kategorien.

FORSLAG TIL GRUPPEARBEID 7.–10. TRINN:

- Undervisaren fører opp x tal ord som gruppene skal finne betydninga av i Sexikon og leggje fram for kvarandre.
- Gruppene finn x tal ord som dei andre i klassen skal finne betydninga av i Sexikon.
- Gruppene skal finne eitt eller fleire ord i Debatten som dei ikkje kjenner betydninga av, og deretter sjå om dei kan finne betydninga i Sexikon.
- Formuler øvingar der det blir arbeidd meir målretta med kategoriane. Elevane kan for eksempel finne alle prevensjonsformene, alle dei seksuelt overførbare infeksjonane, ulike former for seksuell praksis eller anna.
- Lag ein quiz som de gjennomfører på følgjande vis: Undervisaren vel ut ti–femten ord av varierende vanskegrad. Elevane får tid til å orientere seg i Sexikon, individuelt eller i grupper. Slå av datamaskinene og la elevane gjette eller analysere seg fram til kva dei ulike orda betyr. Dei kan eventuelt få tre valalternativ. Den eleven eller gruppa som har flest rette svar, vinn.

TID OG MATERIELL

TID

Ca. 30–60 minutt

MATERIELL

Ingen

TIPS TIL UNDERVISAREN

Når elevane blir introduserte for nye ord og omgrep, kan det vere vanskeleg å hugse orda etterpå. Derfor er det viktig at de arbeider med orda, bruker dei og diskuterer dei.

Sexikon er ein reiskap som elevane kan bruke på eiga hand. Det vesentlege er derfor at elevane veit korleis dei kan bruke sexikonet, snarare enn at dei går gjennom alle orda.

Det kan vere ein god idé å jobbe med både kjende og mindre kjende ord og omgrep frå Sexikon.

UTFORDRINGA

GRUPPEARBEID

MÅL

- Elevane reflekterer over og jobbar med realistiske dilemma relaterte til seksualitet.
- Elevane øver seg på å ta kompetente og informerte val om seksualitet.

MÅLGRUPPE:

Øvinga er utvikla for to klassenivå: 7.–8. trinn og 9.–10. trinn.

FAGLEG RELEVANS

Naturfag, norsk, samfunnsfag, KRLE

FØREBUING:

Du får eit brukarnamn når du melder deg på til Veke 6. Dette brukarnamnet skal nyttast for å generere passord på www.sexfordeg.no. Dei treng du og elevane for å opprette dei ulike karakterane og dilemmaa i spelet. Du skal bruke éin kode per tredje–fjerde elev, og éin kode til deg sjølv.

FORKLARING

Elevane skal fordelast i grupper på tre–fire personar. Det er viktig at gruppene blir danna på tvers av kjønn.

Ved hjelp av dei tildelte kodane loggar alle gruppene seg inn på Utfordringa på www.sexfordeg.no. Her kan dei velje mellom karakterane Jacob og Sarah (7.–8. trinn) og Benjamin og Selma (9.–10. trinn).

Kvar gruppe skal jobbe med opptil seks ulike utfordringar som dei går gjennom ved hjelp av karakteren dei har valt. Kva utfordring dei jobbar med, blir bestemt av eit terningkast i spelet. Elevane i gruppa skal saman svare på fleire spørsmål som knyter seg til kvar enkelt utfordring.

Når gruppa har gått gjennom alle dei seks utfordringane (eller tidlegare dersom dei ønskjer det), går dei vidare til å jobbe med ein presentasjon som skal framførast for klassen. Skal Utfordringa ha tilstrekkeleg læringspotensial for elevane, er det viktig at undervisaren prioriterer arbeidet med presentasjonen.

I presentasjonen skal elevane velje éi av utfordringane og gå i djupna på denne ut frå spesifikke arbeidsspørsmål.

Elevane skal blant anna vurdere kva dei trur utfordringa handlar om for karakteren, og om dette er eit dilemma mange unge i Noreg kan oppleve i kvardagen.

I presentasjonen skal elevane jobbe undersøkjande og kreativt ved å bruke internett. Dei kan bruke YouTube eller bilde frå nettet (eller sjølve lage videoar og ta bilde) som dei lastar ned. Deretter legg kvar gruppe fram presentasjonen sin etter tur, og argumenterer for kvifor dei har valt akkurat desse videoane og bileta. Undervisaren og resten av elevane kan stille oppklarande og utdjupande spørsmål.

Undervisninga kan avsluttast med at undervisaren stiller følgjande (eller liknande) spørsmål:

- Trur de at mange unge kan kjenne seg att i dei dilemmaa karakteren i spelet møter?
- Kva trur de at mange ungdommar på dykkar alder tenkjer om venner, kjensler, kjærastar, seksualitet, foreldre og liknande?

TID OG MATERIELL

TID

2–3 timar, avhengig av kor mange dilemma de skal arbeide med

MATERIELL

Datamaskiner med internettilgang og Adobe Flash Player installert

TIPS TIL UNDERVISAREN

Rolla til undervisaren i arbeidet med Utfordringa er å støtte elevane i gruppearbeidet gjennom å stille opne, undersøkjande og utdjupande spørsmål. Undervisaren skal også leie presentasjonen og den avsluttande dialogen mellom gruppene.

For å oppfylle måla med øvinga er det viktig at elevane ikkje berre spelar seg gjennom dilemmaa i Utfordringa, men at prosessen etterpå – med omarbeiding, presentasjon og dialog mellom elevane – er prioritert.

Dersom det er lite tid, kan de prioritere færre dilemma.

DEBATTEN

MÅL

- Elevane skal aktivt og reflekterande handtere at det er eit mangfald av tema dei unge lurer på når det gjeld kropp, kjærleik og seksualitet.
- Elevane drøftar korleis dei kan uttrykkje seg på nettet, utan å støyte eller krenkje andre.

MÅLGRUPPE:

Øvinga er utvikla for to klassenivå: 7.–8. trinn og 9.–10. trinn.

FAGLEG RELEVANS

Naturfag, norsk, samfunnsfag, KRLE

FORKLARING

Debatten er ung-til-ung-forumet til elevane. Her kan dei lese om tankar, idear og problem som andre unge har, kommentere innlegga til andre og skrive sine egne innlegg. Det er viktig å understreke overfor elevane at dette IKKJE er ei rådgivingsteneste for unge.

Debatten består av fem kategoriar: kropp og pubertet, seksualitet, kjensler, å vere seg sjølv og anna. Kategoriane er meinte for alle unge mellom tolv og seksten år.

Gruppene kan velje å jobbe med dei same øvingane og diskutere forskjellar og likskapar gruppene mellom.

FORSLAG TIL GRUPPEARBEID FOR 7.–8. TRINN

- Gruppene skal finne det dei meiner er det beste *spørsmålet* innanfor éin eller fleire kategoriar, og grunngi kvifor det er det beste.
- Gruppene skal finne det dei meiner er det beste *svaret* innanfor éin eller fleire kategoriar, og grunngi kvifor det er det beste.
- Gruppene skal finne det dei meiner er det beste spørsmålet innanfor éin eller fleire kategoriar, og la heile klassen svare på spørsmålet.
- Gruppene skal finne eit spørsmål dei ikkje veit svaret på, og deretter leite etter svaret. Dei kan eventuelt leite etter svar i Sexikon eller på www.ung.no
- Gruppene skal skrive eit innlegg i Debatten og drøfte korleis dei kan uttrykkje seg på nettet utan å støyte eller krenkje andre.

FORSLAG TIL GRUPPEARBEID FOR 9.–10. TRINN:

- Gruppene skal finne ut kva typar spørsmål det er flest av i debatten, og drøfte kvifor det er slik.
- Gruppene skal sjå om det er forskjell på dei spørsmåla jenter og gutar stiller, finne ut kva forskjellane eventuelt består av, og drøfte moglege årsaker til at det er slik.
- Gruppene skal finne minimum tre spørsmål om å «kjenne seg annleis» på www.ung.no. Dei skal diskutere ulike måtar ein kan kjenne seg annleis på som ung, for eksempel: «Trur de at mange unge er redde for å føle seg annleis?» «Kvifor er det i så fall slik?»
- Gruppene skal skrive eit innlegg i Debatten og drøfte korleis dei kan uttrykkje seg på nettet utan å støyte eller krenkje andre.

TID OG MATERIELL

TID

Ca. 15 minutt, avhengig av kor mange øvingar som skal gjerast

MATERIELL

Datamaskiner

TIPS TIL UNDERVISAREN

Debatten er eit ung-til-ung-forum, ikkje ei rådgivingsteneste. Det vil seie at det er dei unge som diskuterer og gir andre unge råd. Kvaliteten på desse råda vil naturlegvis variere.

Sex og Politikk går gjennom alle innlegga til debattsida før dei blir lagde ut. Innlegg som avslører identiteten til nokon eller har støytande eller trakasserande innhald, blir ikkje publiserte.

Elevane kan finne fleire liknande spørsmål og svar på nettsider som www.klara-klok.no og www.ung.no og vurdere svara opp mot kvarandre.

Debatten er eit tilbod elevane kan ha utbytte av også på fritida.

PEDAGOGISKE OG DIDAKTISKE VURDERINGAR

Veke 6 er henta frå den danske søsterorganisasjonen til Sex og Politikk, Sex & Samfund. Vi står for ei dialogbasert seksualitetsundervisning, og fokuserer på engasjement og deltaking frå elevane. Vi ser på barn og unge som kompetente aktørar, og ressursane, meiningane og verdiane deira skal inkluderast i undervisninga på ein meningsfull måte. Det er viktig at alle elevar – uansett kjønn, seksualitet, etnisitet, sosial bakgrunn eller funksjonsevne – opplever at dei er inkluderte i undervisninga.

Rolla til den som underviser i seksualitet, er å rettleie, inspirere og leie prosessar som fremjar utviklinga av handlingskompetansen til alle elevar.

Veke 6 i Noreg er lagt til rette med utgangspunkt i relevante mål for undervisninga om seksualitet og til den generelle delen av læreplanen. Han seier blant anna at opplæringa skal fremje god allmenndanning, likestilling, solidaritet og forsvar mot overgrep. I arbeidet med å tilpasse materialet til norsk undervisning har vi også lagt vekt på dei tilrådingane om standardar for undervisning om seksualitet som Verdhelseorganisasjonen har kome med. Dette inneber blant anna at undervisninga skal vere kunnskapsbasert, ikkje-diskriminerande, alderstilpassa og kulturelt relevant.

Det finst mange gode grunnar for å gi unge ei heilskapleg undervisning om seksualitet. Det finst derimot nokre mytar og misopfatningar når det gjeld kva seksualitetsundervisning er, skal vere og kan føre til. Forskingsresultat er eintydige nok til å kunne avvise blant anna følgjande mytar om unge og seksualitetsundervisning:

- «Dersom ein snakkar om sex, blir ungdom meir nysgjerrige og debuterer tidlegare eller har meir sex.»
- «Det sikraste er å få ungdommar til å la vere å ha sex. Undervisning bør derfor berre handle om å avstå frå sex.»
- «Vi må vente til ungdommane er modne nok (eventuelt har samleiedebutert) før vi gir dei seksualitetsundervisning.»

Faktorar som er trekte fram som avgjerande for at undervisninga skal kunne redusere seksuell risikoåtferd og vere helsefremjande, er blant anna:

- læreplanbaserte program som går over tid
- program med ein aktiv og involverande pedagogikk
- dialog og open kommunikasjon om sex og seksualitet i eit trygt psykososialt læringsmiljø
- intervensjonar som er tilpassa alderen og erfaringa til elevane



Kvalem, I. L. (2008): Fakta og myter om effekt av seksualundervisning i skolen. Oslo: Universitetet i Oslo

Forsberg, M. (2007): Ungdommars sexuella hälsa. Internationella kunskaps-sammanställningar och svenska erfarenheter av förebyggande arbete. Stockholm: Socialtyslsen

UNESCO (2009): International Guidelines on Sexuality Education. An evidence informed approach to effective sex, relationships and HIV/STI education. Paris: UNESCO

Kirby, B. A. Laris og Lori Rolleri (2005): Impact of Sex and HIV Education Programs on Sexual Behaviors of Youth In Developing and Developed Countries. Research Triangle Park: Family Health International

PEDAGOGISKE OG DIDAKTISKE VURDERINGAR

BAKGRUNN

I utarbeidinga av Veke 6 er det lagt vekt på at undervisningsmaterialet skal byggje på:

- eit breitt og positivt helseomgrep
- unge som kompetente aktørar
- alderstilpassing
- ei dialogbasert undervisning med aktive elevøvingar
- eit normkritisk perspektiv
- prinsippet om anonymisering

FORKLARING

EIT BREITT OG POSITIVT HELSEOMGREP

Veke 6 byggjer på eit breitt og positivt helseomgrep. Det inneber at seksualitetsundervisninga ikkje berre fokuserer på å unngå negative sider knytte til seksualitet. Eit positivt helseomgrep handlar om å utvikle eit godt forhold til eigen kropp og seksualitet og trygge relasjonar med andre. Det positive helseomgrepet er gjennomgåande i undervisningsmaterialet for Veke 6, som både tek opp positive og problemorienterte situasjonar og dilemma.

UNGE SOM KOMPETENTE AKTØRAR

Barn og unge menneske er kompetente aktørar i sitt eige liv. Dei har kunnskap om eigen kultur, tendensar og korleis dei kan handle, som vaksne ikkje har direkte tilgang til. Undervisaren skal medverke til at barn og unge får eit betre grunnlag for å ta gode val i ulike situasjonar gjennom informasjon og undervisningsmetodar som gir trening i handlingskompetanse.

ALDERSTILPASSA

Det er eit viktig prinsipp å kommunisere på linje med barn og unge, det vil seie å bruke eit språk og eit visuelt uttrykk som dei kjenner og godkjenner, og å bruke bilde, dilemma og eksempel som dei opplever som relevante. I grunnmaterialet for dei yngste elevane handlar seksualitetsundervisninga særleg om å styrkje evna elevane har til å leggje merke til og gi uttrykk for ja- og neikjensler i kroppen og å kunne lese og vise respekt for grensene til andre.

DIALOGBASERT UNDERVISNING

Vi meiner at vi best hjelper barn og unge til å utvikle kompetanse til å ta gode, informerte og helsefremjande val gjennom å invitere til refleksjon og diskusjon. Intensjonen med Veke 6 er å bidra til dialog i seksualitetsundervisninga.

ELEVAR MED SÆRLEGE BEHOV

Det er ikkje alle delar av Veke 6 som eignar seg for alle elevar. Dersom du underviser ein klasse eller ei gruppe elevar som har særlege behov, er det viktig at du er merksam på ferdigheiter dei ulike øvingane krev.

Det er opp til deg som undervisar å vurdere kompetansen og abstraksjonsnivået til elevane du underviser.

PEDAGOGISKE OG DIDAKTISKE VURDERINGAR

NORMKRITISK PERSPEKTIV

Veke 6 er utforma i tråd med ei normkritisk seksualitetsundervisning. Det vil seie at bilde, illustrasjonar, eksempel og dilemma er utarbeidde med utgangspunkt i ei kritisk haldning til dei eksisterande normene for seksualitet og kjønn.

Å vere normkritisk vil til dømes seie at undervisningsmaterialet legg til grunn at det finst mange ulike måtar å vere jente og gut på, ikkje berre dei kjønnsideala vi blir presenterte for i dei dominerande media. På den måten inkluderer vi også dei elevane som ikkje kan eller vil leve opp til dei gjengse normene. Vi presenterer for eksempel jenter og gutar som gjer ting på sin eigen måte. Med Veke 6 vil vi vise at seksualiteten til barn og unge er mangfaldig, og at dette er positivt.

For eksempel kan det vere nokre elevar som har ein annan kjønnsidentitet enn den dei fekk tildelt ved fødselen. Barn og unge kan også vere forelska i eller kjenne seg tiltrekte av same kjønn som dei sjølve, eller av motsett kjønn. Dersom vi ikkje er bevisste om desse temaa, kan vi til dømes kome til å framstille det som om det alltid er samsvar mellom kjønnsidentitet og biologisk kjønn, og at forelsking og kjærleik er noko som berre handlar om relasjonane mellom ei jente og ein gut. Dette har vi teke høgd for i Veke 6 ved at vi presenterer eit mangfald av kjensler og praksisar for elevane.

Vi tilrår generelt at de dannar grupper på tvers av kjønna. Det er viktig at elevane arbeider saman i grupper med både gutar og jenter, og gjerne saman med elevar dei elles ikkje arbeider saman med.

PRINSIPP OM ANONYMISERING

Nettsida er utforma med utgangspunkt i prinsippet om anonymisering i seksualitetsundervisninga. Det vil seie at vi ikkje bruker dei personlege opplevingane eller preferansane til elevane eller undervisaren, men snakkar om barn og unge generelt eller bruker fiktive personar. Dette gir elevane høve til å arbeide med problemstillingar som er relevante for dei, utan at dei treng å eksponere seg. Anonymiseringa bidrar til å skape eit trygt læringsrom for både elevane og undervisaren, noko som er ein vesentleg føresetnad for å få læringsutbytte av undervisninga.

